

Offentlege instansar	Innkomne merknadar/uttale
<p>Statsforvaltaren i Vestland</p>	<p>Tilråding om å ta ut B16 og B17. Samt redusere B8 i omfang for å sikra viktig landbruksareal der. Det er mykje areal sett til bustadføremål, det må vurderast om det er eit reelt behov for dette omfanget av bustadareal i Sveio sentrum. Det tilrådest å setja tilstrekkeleg krav til effektiv arealutnytting av nye byggjeområde i sentrumskjerna.</p> <p>Ber om presisering i føresegnar at storsalamanderen sitt arealbehov skal definerast og avklarast før regulering og utbygging.</p> <p>Statsforvaltaren er mest kritisk til utbygging kring Vikjo, der både bustadområde B22 og B39, samt småbåthamn/småbåtanlegg ligg plassert. Kantvegetasjon kring vassdraget må handterast i planen. Naturmangfaldet i Vikjo er viktig, og vi er mest kritiske til det som er planlagt vest for Åseelva. Vi fryktar at dei som får bustader også vil få eksklusiv tilgang til strandareala i Vikjo. Statsforvaltaren etterlyser grep som kan redusere utbygging som vil få negative verknader knytt til natur og friluftsverdiane i Vikjo.</p> <p>Oppmodar kommunen til å ta omsyn til NVE sine merknader med og utan motsegn. Dette gjeld spesielt plankrav, omsynssone i bratt terreng, og å redusere omfanget av byggjeområde vekk frå vatnet innanfor o_BOP11. Både NVE og Statsforvaltaren har merknader om at vatn innanfor golfbana vert markerte i plankartet som «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».</p>
<p>Vestland fylkeskommune</p>	<p>Fylkesutvalet rår i frå at Salamanderparken, Mannaberget vert bygd ned. Det er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde.</p> <p>Vi rår til at kommunen brukar rekkefølgjekrav i føresegnene til å sikre at viktige forbindelsar/lenker i grønstrukturen etablerast, oppretthaldast eller gjevast kvalitetsmessig forbetring før nye og nærliggande utbyggingsområde tas i bruk, jf. § 4.1.5 i føresegnene.</p> <p>Forretningsbygg bør ha aktive, opne og oppbrutte fasadar i første etasje mot</p>

	<p>handlegater og sentrale byrom, og med direkte inngangar utanfrå. Vi rår til å innarbeide dette i føresegnene.</p> <p>Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv er noko manglande, og omfanget og konsekvensar av dei samla nye tiltaka vert noko utydelege. Vi er uroa for verknaden av planane for BKB2 nær kyrkja der det ikkje er synleggjort eller vurdert korleis tiltaket vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet.</p> <p>Forslag til ny tekst knytt til pbl. § 11-9, 8. skal takast inn i generell føresegn</p> <p>Omgrepskorrektur: endre vassforvaltningslova til vassressurslova i generelle retningslinjer.</p>
<p>NVE</p>	<p>Motsegn til planen pga ikkje sett plankrav i framtidig byggeområde (BKB6, o_BOP11, VS4) på areal som er utsett for potensiell naturfare, og/eller fordi tiltaka inneber inngrep i vassdragsnær natur og krev meir detaljert planlegging før NVE kan avklare det i høve til vassressurslova.</p> <ul style="list-style-type: none"> · <u>Løysing:</u> Dersom Sveio kommune set krav om reguleringsplan til dei aktuelle områda slik vi peikar på nedanfor fell grunnlaget for motsegna bort. <p>NB: påpeikar at i teiknforklaringa ser det ut til å ver nytta motsett farge for bustader enn i plankartet (framtidig bustadområde mørke gul, medan noverande er lyse i følge teiknforklaringa, motsett i kartet).</p> <p>NB: Omsynssone H910; dersom det er kome ny kunnskap om naturfare som ikkje er teke omsyn til når reguleringsplanen vart utarbeidd og vedteken meiner dei at omsynssone H910 ikkje kan nyttast. Rår til at det blir sett krav til ny reguleringsplan der gjeldande plan ikkje tek omsyn til naturfare.</p> <p>Markere aktsemdområde med omsynssone H310 og krav om utgreie skredfaren før eventuelt løyve til tiltak.</p> <p>Saknar at H320 er nemnd i føresegn kapittel 16.2.</p>

Overlapp av H320 i fleire høve eksisterande reguleringsplanar, KDP tek difor dårleg omsyn til potensiell flaumfare i deler av planområdet.

Innarbeide eit krav om å dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik mot fare for områdeskred av kvikkeire for teiltak, jf. Pbl §20-1, i alle plan og byggesaker innanfor omsynssone H310. De bør og ta med i føresegna at denne dokumentasjonen skal vere i samsvar med NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkeireskred. Føresegna bør de knyte til omsynssone H310, og heimle i pbl. §11-8 a). For ordens skuld nemner vi også her at kravet ikkje vil gjelde område dekkja av omsynssone H910 (der det er overlapp).

Bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenning.

- Ein kommunedelplan som denne for Sveio sentrum er eit passeleg detaljnivå til å kartlegge og sikre flaumvegane. **NVE vil difor rå til å kartlegge eksisterande avrenningslinjer i planområde. Dette kan gjerast ved hjelp av GIS analysar.** Flaumvegane bør vise i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet. Det kan også innarbeide overvassiltak i planen, her under også eventuelle konkrete krav om infiltrasjon og drying av overvatn som måte vere naudsynt.

B21, B22, B23: Desse framtidige bustadområda ligg nært på begge sider av Åselva, delvis innanfor aktsemdområde for flaum. Det er positivt at de krev detaljreguleringsplan for desse. Dei ligg også under marin grense.

Avklaring av reell naturfare vil difor vere viktig i desse planprosessane. B21 og B23 er trekt heilt ned til elva. I samband med reguleringsplanarbeidet vil det vere viktig å la elva få plass, slik at ein i minst mogeleg grad påverkar dei naturlege prosessane id en. **NVE meiner at de bør trekke byggeområdet bort frå elva også i kommunedelplanen for å marker**

elva som eit blågrønt drag gjennom planområdet.

BKB6 ligg innanfor to aktsemdområde der naturfare er uavklart. **Ut frå prinsippet om at naturfare skal avklarast på siste plannivå meiner vi at de må sette krav om reguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak i området. MOTSEGN på dette punktet. NVE meiner også at BKB6 bør trekke byggeområda vekk frå elva i kommunedelplanen for å markere elva som eit blågrønt drag gjennom planområdet.**

o_BOP11: Sjølv om de ikkje har konkrete planar for vidare utbygging i o_BOP11 så opnar kommunedelplanen for utbygging utan reell avgrensing i eit stort, vassdragsnært areal. Dette utan at det er sett plankrav, og utan at naturfare er avklara. **Dersom de har til hensikt å synleggjere eksisterande bruk i kommunedelplanen bør de snevre inn o_BOP11 til å omfatte dei anlegga som er bygde ut, og sette resten av areala av til LNF.** Dersom de har til hensikt å legge til rette for ytterlegare utbygging rår vi dykk til å sette av eit breitt grønt belte langs vatnet, og så sette plankrav til resterande o_BOP11. **MOTSEGN til dette punktet.**

NVE er kritiske til at det vert lagt til rette for så store inngrep i vatnet og i strandsona dersom behovet for båtplassar ikkje er godt dokumentert (BAB1, BAB2, VS2 og VS3). **Dersom det ikkje er gjort slike vurderingar av trongen, meiner vi at de bør gjere det.** De bør då avgrense areal som opnar for inngrep i vatnet og strandsona til det som er eit dokumentert behov. **Vi rår til å delje areal med minst sårbar natur.**

VS4: Ikkje plankrav for dette arealet. **NVE meiner at de må sette krav om reguleringsplan for arealet, og tilhøyrande areal på land.** Grunngevinga for det er at reell naturfare ikkje er avklart, og at det så langt ikkje er grunnlag for å avklare tiltaket etter vassressurslova. Utan at tiltaket blir regulert i plan er det ikkje mogeleg å samordne vassressurslova i planhandsaminga etter pbl. (jf. Vrl. §20). **MOTSEGN på dette punktet.**

	<p>Golfbanen: er fleire vatn og tjørn som ikkje syner i plankartet som «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». NVE meiner at kommunedelplanen må nytte dette planføremålet der det er vatn/vassdrag.</p>
<p>Statens Vegvesen</p>	<p>Samordna areal- og transportplanlegging må få større vekt i planløyisingane.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Saknar at det kjem fram tydeleg kor stor befolkningsauke som er lagt til grunn for planforslaget og kva som er tilhøyrande bustadbehov. Kor mykje utbygging er det behov for å legge til rette for og korleis svarer planforslaget på dette? <p>Felta B16 og B17 må takast ut.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Statens vegvesen kan ikkje støtte føreslegne nye bustadfelt B16 og B17. Disse ligg heilt vest i planområdet forholdsvis langt unna sentrumsområdet, og også utan sikring av samanhengande trygg gang-/sykkeltilknytning til sentrum. KU beskriv for begge felta at «Avstanden til sentrum og terrengskilnadeane er så store at det vil leggja opp til bilbruk for kvardagsfunksjonar.» Det er og vanskeleg å sjå for seg at områda kan få ein god kollektivbetjening. Vi kan ikkje sjå at det er lagt fram arealbehov som tilseier at det er behov for utbygging av dette området. Føreslegne felt B16 og B17 er i strid med statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging og vi ber difor kommunen endre planen og ta ut desse byggefelta. <p>Viktig å ivareta eit trafiksikkert gang- og sykkeltilbod i planområdet.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Vi rår kommunen til å gjere ein siste gjennomgang på om det er behov for å legge til rette for nye snarvegar, evt. Om det er behov for sikring av fleire av dei eksisterande lenkene som inngår i daglegreise-nettverket. Dette er viktig for å gjere det mest mogleg attraktivt å ferdast som mjuk trafikant. Det kan til dømes sjå ut som det er ein snarveg mellom Paddevegen og fv. 541 i dag, er denne aktuell å ta inn i KPD? Vi lurar og

	<p>på kvifor det ikkje er vist gang-/sykkeltilbod langs Paddevegen?</p> <p>Vi føreslår at KDP fastset at krav om opparbeiding til heilårsstandard, med bl.a. fast dekke og veglys slik at tilbodet kan nyttast av flest mogleg og heile året. Vi meiner og at planen kan gje sterkare føring om rekkefølgjekrav om etablering av trygg gang-/og sykkeltilbod mellom bustadområder og skule-/sentrumsfunksjonar der tilbodet er mangelfullt i dag.</p> <p>Vi tilrår at det vert sett nærare på korleis planen kan legge betre til rette for kollektivreiser, bla.a. auka attraktivitet for kombinerte reiser sykkel/kollektiv. Alternativt bør planen sei korleis eit slikt arbeid bør følgjast opp i kommunen for å skape merksemd om forholdet.</p>
Friluftsrådet Vest	<p>Kommunen bør legge til rette for å lage turstiar tilknytt sine nærområde og bruke moglegheitaa til å regulere områder til friluftsføremål.</p> <p>Mjelkeneset bør opparbeidast meir for å bli ei skikkeleg friluftspørle.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Ber om at kommunen startar ein sikringsprosess for å sikre ein ca. 70-100 meter brei sone sørover frå båtutsettingsplassen på Mjelkeneset og sørover til bustadfeltet på Krossleite (LNF19 og LNF20). <ul style="list-style-type: none"> ○ Bør anleggast ein universelt tilrettelagt turveg langs vatnet frå der Vigdarvegen ender ved hus nr 29 eller 40. Slik turveg bør planleggjast forlenga over/under Tittelsnesvegen og vidare opp mot Sveio sentrum. <p>bustadområda bør planleggjast slik at dei gir god og enkel tilgjenge til dei nettverk av turstiar og turvegar som måtte finnast i området.</p> <p>Viktig å setje av naturareal til fri leik for born i bustadområda.</p>
Fiskeridirektoratet Region Vest	Ingen merknad til planen.
Direktoratet for mineralforvaltning	Fråsegn utan merknad til offentleg ettersyn.
Den Norske Kyrkja	Ber om meir konkrete føresegner angående kyrkja i Sveio og bandleggingssona på 60-meter.

	<p>Reguleringsplan for badeanlegg som ligg over Sveiogata-vegen tvers for kyrkja, dei syns 15 meter tillate høgde er for høgt og vil påverka kyrkja.</p>
--	--

Private	Innkomne merknadar
Geir Ragnhildstveit	<p>Utfordringar med kartløyisinga og mykje dokument for innbyggjarar å lesa på til planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Løysning med digitalt alternativ der info om område ligg i flater/lag på kartet. <p>Slamander sitt vandringsmønster går inn i BOP5, og burde blitt teke omsyn til.</p>
Bernt Rune Sinnes	<p>Ivareta leikeplass på Steinhaugvegen og positive til utviding av akebakke/tursti ved Hansabakken.</p> <p>Opparbeides 2-300 meter bilvei frå toppen av Hansabakken bort mot vegen ved Åse</p>

B. Olsen	Fjerning av sitkagran i sentrum fram mot 2025.
Vigdar Grunneigarlag v/Hans Tveitaskog	<p>Området rundt rasteplassen/Mjelkeneset er nå innafor plangrensene. Dette er det området som er lettast for publikum. Me ber kommunen legge til rette for vidare utbygging av fasilitetane i dei områda som er i offentleg eige. Me ser føre oss at fasilitetane kan utvidast, både i areal og tilbod. Tilrettelegging for rullestolbrukarar, og betre skjerming mot riksvegen bør vera høgt på lista. Me har i dag førespurnader om aktivitetar og arrangement som blir lagt til andre stader eller kansellert på grunn av eksponering mot vegtrafikken.</p> <p>For å trafikk sikre adkomsten til Mjelkeneset frå Sveio sentrum, bør det arrangerast gang og sykkelsti langs med riksvegen. Dette vil skjerme dei mjuke trafikantane mot trafikken og dermed auke tilgjengelegheita til området.</p> <p>Området innafor riksvegen (på vestsida) har hatt og har sannsynligvis endå førekomst av vasspest. Som eit så godt som lukka del av Vigdarvatnet i sentrum av Sveio, kan ein og gå ut frå at eksponering mot forureining og smitte i vatnet kan vera større her enn i det opne vatnet kor sirkulasjonen er høgare og bustadtettheten langt lågare. Ved tilrettelegging av området vest for vegn bør kommunen vurdere tiltak som kan redusere spreining av uønska arter og smitte.</p>

<p>Lars O. Hovda</p>	<p>Justeringar i føresegner Pkt. 2.8.2</p> <ul style="list-style-type: none"> · Det framstår lite miljøvenleg å ikkje kunne nytte nødvendig stadleg jord dersom eit utbyggingsområde har behov for dette. Skal ein ikkje kunne nytte jorda, så må ein først bruke energi/drivstoff og tid på å køyre vekk jord, for deretter å måtte tilkøyre tilsvarande jord frå ein annan stad. · Forslag: «Ved utbygging av tidlegare landbruksareal skal overskytande matjorda som ikkje nyttast i samband med utbygginga, nyttast vidare i landbruksproduksjon, til jordforbetring eller ved nydyrking.» <p>Pkt. 4.1.1</p> <ul style="list-style-type: none"> · Pkt. 5.1.4 og 5.1.10 samsvarar ikkje med pkt. 4.1.1 med tanke på leikeplass/felles uteopphaldsareal, og må omskrivast tilpassa pkt. 4.1.1. <p>Pkt. 5.3.1</p> <ul style="list-style-type: none"> · Gjerne maks gesims, grunna at ein ikkje har nok høgde til å kunne byggje «moderne» bygg og samstundes ha 2 etasjar pluss underetasje/kjellar. <p>Pkt. 5.4.1</p> <ul style="list-style-type: none"> · Forslag til justert formulering: «I område der det ikkje er krav om reguleringsplan kan bygningane oppførast i inntil 2 etasjar pluss kjellar, og mønehøgda må i desse områda ikkje vera meir enn 9m. For andre område, der reguleringsplan er krevd, kan høgare byggjehøgde vurderast i samband med regulering, sett opp mot omgjevnadane.»
<p>Dennis Frønsdal</p>	<p>Gnr/Bnr 40/9 er i undertegnades hjemmel. Stiller seg kritisk til å endre arealføremål frå bustadføremål, slik det i tidlegare KDP Sveio sentrum har vore.</p> <p>Føreslår at aktuelt område som er beskrevet i merknad på gnr bnr 40/322 blir endra frå LNF føremål til Bustadføremål.</p>

ByFa AS, Sveio Panorama og Rune Hollekim
v/Vidar Vedå

Utfordringar med framtidig vegtilkomst for B8. Ber om endring i føresegnene for å opna for at det kan førast veg gjennom LNF5 området eller utvide føremålet for bustad slik at ein kan få vegløyning som kjem lågare mot B12 (vil slik planforslaget er i dag bli veldig bratt for mogeleg vegtilkomst frå B8 til B12).

Arne Henning Anfinnsen

Protest mot plan for eigedom 40/13. Ønsker ikkje båt plass på eigedomen.

Tilleggs-merknad:

«Hei

tileggs argumenter mot planendring av min eiendom 40/13

Kommunen vil og ta områdene langs elva- Dette med hensyn til fugler/dyr og natur

Dette vil helt klart virke mot sin hensikt. Da

området ifølge planforslag både skal få

både bro og vei langs og over elva. Det vil jo bli

temmelig stor trafikk i det området som jo ikke

vil være til fordel for dyrelivet. Tvert imot

Idag er dette ett fredelig område-hvis det betyr noe.

Nå er det helt tydelig at opprinnelig plan blir

endret til fordel for alle naboer som har bustad

som grenser til vannet. (De får nå gul farge ned

til vannet) og får beholde sine eiendommer

inntakt.

Dette hensyn kommer ikke meg og min

eiendom til gode. Jeg lurer på hvorfor.

Når det gjelder småbåtanlegg og bebyggelse av

boder og andre bygninger på min eiendom, så

siest det klart i punkt 9.1 at min eiendom skal

bruke til og opparbeide verdien på de

tomtene som kommer på naboeiendommene

40/62 og 40/5. Altså min eiendom skal vera

tilpassa dei buendringane som passar til

området.

Altså Jeg får rassert verdien på min

eiendom, mens den øker på nye eiendommer

som kommer Båt og brygge anlegget bør jo

ligge på de områder som framtidige brukere vil

bo.

Nemlig i strandsonen under de tomtene som

nå vil bli lagt ut på 40/62 og 40/5. Dette vil

heller ikke være til sjenanse for eierne av disse

områdene som jo er utmarksområder.

Kommunen har dessuten allerede adgang til

båtanlegg på 40/5.

Ett annet og bedre alternativ er jo strandsonen

på Melkeneset som jo allerede er i bruk, om

enn i begrenset omfang. Her er dessuten

tilgjengelighet og grunnforhold mer gunstige

enn inne i vika.

MVH

Arne Henning Anfinnsen»

Magne Larsen	Klage på plan. Ønsker ikkje gangsti over eigedom Sveiogate 132.
Ole Andreas Våge og Sissen Øritsland	Utbyggingsområde på gnr/bnr 41/8 og 9 er omregulert til LNF. I planprosessen ble det argumentert for at dette var greitt dersom det ikkje bare gjaldt nemnde område, men også andre liknande. Det er no observert at nabotomt 41/5 ikkje har fått same vurdering, og ynskjer difor likebehandling.

Ingrid og Ole Jørgen Furdal

Krevjande for folk å skaffe oversikt med så mange dokument og sider.

- Ønske om at det kunne vore mogeleg å søkje på aktuell eigedom og deretter få nødvendig informasjon og relevante kommentarar frå kommunen fram.

Språk i planen

- Upresist og kan tolkast på ulikt vis; «indikerer – truleg – eller så»
- Beskrive notida korrekt og tydeleg. Dersom utfordring for kommunen; ha dialog med innbyggjarane.

Arbeid med planen pågått lenge, difor ein del opplysningar som er mindre relevant eller ikkje dei same i dag. Gnr/Bnr 40/331 er ikkje i bruk som nærfrimråde, og turaktivitet har ikkje vore observert av busette. Det går eit «tråkk» som nyttast av ungdommar til og frå sentrum, særleg sommarhalvår. Risikoen i trafikkbilete her er stor når ungdommane som kjem ned Åsvegen kryssar vege, hoppar over betongmuren i svingen for t.d å nå ein buss. Er dårleg sikt i svingen frå gangvegen og bilistane køyrer ofte meir enn 30km i timen. I 2022 køyrer mange el-bil som er svært stillegåande, og unge nyttar sparkesykkel.

Sitat: «Eksisterande avkøyrsl er utfordrande då den ligg i ein yttersving. Vegen inn til området er ikkje dimensjonert for stor trafikk»

- Er per i dag mange som bruker denne avkøyrsla. Ein eller to hustandar frå eller til endrar ikkje særleg på dette bilete. Syns difor kommentaren er ei unødvendig problematisering knytt opp mot eigedom 40/331, sidan utfordringa kommunen peikar på eksisterer allereie og bør løysast snarast.

Sitat: Det er gangveg til området frå vest men det manglar fortau frå Åsvegen. Det er fortau på motsett side av Åsvegen men den er hindra av autovern i betong.

- Vil vise til nybygd veg og gangsti frå vest til Åsvegen. Her gjekk ein bort frå fortau av fleire grunnar, m.a. brøyting vinterstid. Sidan det er fortau på austsida av Åsvegen kan ein kanskje finne ei mindre omfattande løysing som er tenleg, og ikkje minst nødvendig, på

denne korte strekningen frå krysset/Stemhaugen til Sveiogata. Brei «vegskulder» på vestsida av Åsvegen, t.d. med vegmerking i asfalten?

- Viktig filtak då mange tek rundturen i sentrum, frå omrørssenteret med rullator eller rullestol, skuleborn, barnehageborn, foreldre m.fl. som kjem frå vest må bruke sjølve vegbanen i Åsvegen for å kome seg fram.
- Ei brei vegskulder oppover (til Hovåsvegen) ville også vore flott, evt. Supplert med eit gangfelt for å krysse Åsvegen t.d. ved barnehagen.

Sitat: Arealet ligg midt i sentrum og nærleiken til kvardagsfunksjonar og skulen gjer behovet for bil mindre. Barnetråkkregistreringa viser at området fungerer som kjekk snarveg til butikk og sentrum for fleire, men nokon meiner at det er mørkt der.

- Usikker på korleis ein skal tolke denne utsegna. Utydeleg, og ikkje heilt einig i at det alltid er «kjekt» då det ofte erfullt av boss, knuste flasker og avfall. Samt i periodar observert lite ynskjeleg miljø i krattet lengst aust på tomta.
- Skriv i notid i barnetråkkregistreringa når den blei gjennomført for 6 år sidan.

Sigmund Johan Pedersen

«Utan å gå direkte inn i planens dokumenter - det finn eg for omfattande og komplisert - har eg fylgjande innspel: Nærfriareal – med det meiner eg inneklemda areal tenkt som felles grønne lunger, fungerer etter mi meining ikkje. Det beste eksempelet på dette er Hansabakken som i heile mi levetid var eit yrande liv av ungar på ski, akebrett og leik vinterstid av skular, barnehagar og folk i bygda. Men det var når ein eigar hadde og tok ansvar for området. Nå er det tilgrodd og utilgjengelig. Det gjeld også andre slike regulerte friareal som ingen tar ansvaret for. Dei ligg der kun og skjemma nabolaget utan nokon som helst nytte for folk som bur der. Det er kun til sjenanse.»

«Så mitt 'råd' – i beste meining – er at 40/331 kan bli til to flotte sentrumstomter med gode familiebusstader i framtida. Sentrum treng meir enn småhus for pensjonistar. Som friområde har området ingen praktisk verdi for framtida. Det vil gro enda meir til og kun skjemma eit ellers velstelt bumiljø i sentrum.

«Måling av avstand og tid med GPS og stoppklokke for dei to rutene gav fylgjande resultat:

- Fortau frå i svingen Åsvegen, over forgjengarfelt og fortau nord for Sveiogata: 2.00 min – 220 meter
- Kryssing av Åsvegen, sti gjennom 40/331 og vegen via Pederstunet : 2.20 min – 210 meter
- Trygg og tilrettelagt veg av kommunen er altså raskare, så det er ingen fornuftig grunn til at ein sti med farleg kryssing av trafikkert veg, og med store ulemper for alle som bur langs ruta- samt grunneigar av 40/331 - bør vera med i den nye sentrumsplanen.»

<p>Odd Bjelland</p>	<p>gnr bnr 40/1 Solstad i Sveio kommune ikkje teke med i plan, til tross for oppfordring i 2014 av Rossbak, og bekrefting frå Aleheim i 2016.</p> <p>Plan om bygging av 50-75 bueiningar.</p> <p>Ligg 3-400m frå sentrum.</p> <p>Området ligg til Vigdarvatnet, innspelet vil opne for badeplass, båtplass til bebuarar.</p> <p>Krev undergong på hovudvegen når krysset til sentrum skal regulerast på nytt.</p> <ul style="list-style-type: none"> · Viktig både for framtidig utbygging i tillegg til allereie busette på Solstad for trygg ferdsel. <p>Merknad har vedlagt tidlegare innsendte innspel og dialog med kommunen.</p>
<p>Anne Fresvig</p>	<p>Gnr bnr 41/13 og 16 har arealføremål LNF.</p> <p>Utbygging av fv 541 Sveio-Grimstveit er ikkje teikna med trasevalg B3 over eigedom, men utbetring av eksisterande ved ligg som alternativ. Forstår da at vegen ikkje skal byggast på underteikna sin eigedom.</p> <p>Då vegtrase alternativ ikkje tok omsyn til at området var LNF føremål, ser undertegnede ikkje argument for at området ikkje skal kunne bli regulert til bustadføremål.</p> <p>Oppsummering: ønske om at eigedom regulerast frå LNF føremål til Bustad.</p>
<p>Susanne Fresvig</p>	<p>Angående utbetring av Tjernagelvegen mot Grimstveit, og Tjernagelvegen-Sveiogata; bekymring om at det ikkje føreligg ein konkret plan for mjuke trafikantar i krysset Løkjervegen-Tjernagelvegen, og første strekket av Løkjervegen. Her har ikkje mjuke trafikantar alternative ruter dei kan gå, og vegen blir sett som direkte livsfarleg for små skulebarn som skal benytta seg av vegen til og frå skulen.</p> <p>Aktuelle tidspunkt for skulebarn er også særleg trafikerte då ferjetrafikk frå Bømlo passerer ved dette tidspunktet.</p>

<p>Endre Olsen og Olav Sveen</p>	<p>Planen er godt gjennomarbeidd og tek opp i seg utvikling av Sveio sentrum for perioden.</p> <p>Planforslaget og samanhengane i det gjer at vi spelar inn endra føremål for eit mindre areal på Gnr. 40 bnr. 5 aust for Løkjavegen (9,3 daa) på sentrum sida av vegen frå grønt til gult. Arealet ligg nært til sentrum, og dette vil gje ei god samanheng mot tilliggjande areal i planen og i sentrumsområdet i øvrig. Dette gjev også ei samanheng med bustadområdet nord for arealet og omsorgssenteret.</p> <p>Avkjørsle til Løkjavegen kan og vurderast med fleire alternativ. I konsekvensutgreiinga er det omtala at det er kommunalt vatn og avlaup i nord. Med tanke på mjuke trafikantar og gang/sykeltrafikk er det gangvei til sentrum like nord for arealet. Det er kort avstand til busstopp langs Sveiogata.</p> <p>I konsekvensutgreiinga framgår at området på sikt kjem til å verte innlemma i sentrumsutbygging.</p> <p>Føremålet gjer det meir sannsynleg som rekningsvarende knytt til reguleringskostnad, ref her også kravet i føresegnene pkt. 12.6.1.</p>
<p>Synnøve og Daniel Spilde, Marit Husby og Arild Wiersen</p>	<p>Svært vanskeleg språk i sakspapira. Veldig mange dokumenter.</p> <p>I innspelslista er det teikna inn gangveg/sti gjennom Pederstunet. Dette vil vera belastande for bebuarar grunna auka gjennomgang og fare for hærverk.</p> <p>Skulevegen: Det som vi opplever som den største trafikkfaren og utfordringen i vår hverdag i sentrum som myke trafikanter er at det mangler en sikker overgang fra sveiogaten og inn i skolegården. Bilister som setter av sine barn oppleves ikke som hensynsfulle når de gående skal krysse gårdsplassen etter overgangsfelt. Dette overgangsfeltet bør forlenges helt over plassen.</p>

<p>Bustadeigarar og bebuarar på Vestre Kringsjø v/Alf Rune Sveen</p>	<p>Viktig at friluftsområdet rundt bustadfeltet blir ivarettatt ved eventuell utviding av bustadfelt, og at det blir oppretthalde grønne lunger som gir grunnlag for rekreasjon og leik. Området aust for B1 blir føresøått som friområde.</p> <p>Vil også gi merknad på at det ikkje blir etablert bilveg over stien frå Sveioåsen 2 til Vestre kringsjø. Det er viktig at turstien blir oppretthalde og ikkje erstattas med bilveg. Denne turstien blir brukt av barn og ungdom for å koma seg til og frå skule, barnehage og anna.</p>
<p>Turid Karin Sveen Bagne</p>	<p>Solstadvegen gnr bnr 40/319</p> <p>«Viktig å kunne sikre ei planlegging som ser på samanhengen mellom Sveio sentrum og området omkring for å skape et meir heilhetsbilde og bruk av arealene i og rundt sentrum slik at det kan legges til rette for vidare utbygging av bustader også litt utanom sentrum. Derfor ønsker eg at tomten får et rett arealformål som utgangspunkt i planarbeidet. Dette området hadde vi i utgangspunktet et ønske om å bruke til boligformål allereie i 1986. En har også tidlegare venta på Statens vegvesen i forhold til avkøyring til Sveio sentrum. Dette var vel oppe i 2011.»</p>

<p>Arne Berg</p>	<p>«For å stimulere til bruk av gange og sykkel må det reguleres inn snarvei (sti/GSV) fra Gjermundshaugen direkte mot Sveio Sentrum. Det er sti der i dag, men da kommer man rett ut i veien (FV) med autovern på andre sida. Sti fordrer da overgang og hull i Autovern, eller gsv nord for veien til busstopp. Hvis det blir miljøgate er det første uproblematisk. Sykkelveien fra Fjellstad, Steinartjørn og Gjermundshaugen går i dag omveien helt ned til gravplassen og føles som en omvei. For alle de som skal levere i barnehagen er forskjellen ca 355m mot 900m rundt. Det kan være forskjellen på om folk går/sykler istedenfor å ta bil til fra jobb/Barnehage. Med fremtidig utbygging på Steinartjørn forsterkes dette behovet. Ser at det er lagt inn GTD (turdrag?) fra samme vei mot nord. Det er bra, men forutsetter tilgjengelighet og sykkel/barnevognstandard.</p> <p>På øvre Fjellstad er det regulert gangvei ut i terrenget mellom 40/266 og 40/296. Problemet blir når boligområdet B40 vest for dette bygges ut etter reguleringsplan. Da er det et grønt belte, men ingen regulert gangvei mellom tomtene til å koble med vei i dette boligfeltet.»</p> <p>Har sendt med vedlegg med sti teikna inn på kart.</p>
<p>Hege Austreim og Bernhard Myrvold</p>	<p>· Utviding av bustadområde B29 mot LNF19.</p>